

Januar
2023

Flatøyposten

Siste nytt og oppdateringar på oppslagstavla

BINGO!

Fullt hus og god stemning i Sørstova då bygdelaget inviterte til førjulsbingo.

Fire rundar med flotte premiar gav ekstra julestemning for heldige vinnarar. Dei kunne blant anna glede seg til varm kakao med krem, pynting av pepperkakehus eller ein god familiemiddag.

Nokre deltakarar var erfarne bingospelarar, medan andre var med på bingo for første gong. Dette var ingen hindring og dei unge bingospelarane imponerte med konsentrasjon og talferdigheter. Dei var raske til å melde om bingo etter kvart som talrekkeane vart kryssa ut og jubelen var stor når ein kunne innkassere premien.



Senterposisjon: -33222.76, 6750562.34
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 29.01.2023

Kartverket

Møte om ny trafikkterminal 06.01.23

Ny trafikkterminal planlagt med oppstart vår -23.

Bygdelaget har tatt initiativ til møte med Statens Vegvesen i samband med oppstart av arbeid med ny trafikkterminal i Krossneset og mogeleg mellombels parkering ved Gamlebutikken. Representantar frå Statens Vegvesen presenterte planar og svarte på spørsmål frå dei fram møtte på møtet. Anleggsperioden er vår -23 til utgangen av -24.

Innbyggjarar i Krossneset skal ha tilkomst til eigedommane sine heile denne perioden. Undergangen i Krossneset skal rivast og ny vert bygd opp. Det vil bli iverksett tiltak for å

skilje bilar og mjuke trafikantar under arbeidet. Parkering i Krossneset vert stengd i heile perioden og det er foreslått mellombels parkering ved Gamlebutikken. Det vart lagt fram mange innspel frå innbyggjarane på Flatøy. I hovudsak gjeld dette tiltak for å sikre mjuke trafikantar, i sær skuleelevar på veg til og frå bussen. Kartet på biletet over viser bygdelaget sine forslag til tryggingstiltak, i form av fotgjengarfelt, fartsdemparar og gjerder. På heimesida og Facebooksida til bygdelaget kan du lese notat frå møtet.



Årsmøte

Måndag 20. februar
kl 19:00

Det er klart for årsmøte i Flatøy Bygdelag.

Sjå baksida for meir informasjon, sakliste og kontaktinformasjon.

Treningstimen

Karina held fram med kvardagstrening i barnehagebygget.

Trening for alle aldre og nivå. Alle er velkommen til ei sosial og gøy samling med kondisjon- og styrketrening.

SØNDAGAR KL 20-21. Kr 25,- pr gong.
10 plasser. Påmelding på Facebook gruppa «Treningstimen» eller kontakt Karina Flatøy på sms 46413895. VELKOMMEN!



Bingo

Søndag 12. mars
kl 17:00

Det vert ny sjanse til å vinne bingopremiar på Flatøy skule. Ta med deg naboen og bli med!

Sakliste til årsmøte i Flatøy Bygdelag 2023

Styret kallar med dette inn til årsmøte.

Årsmøte vert halde måndag 20.02.23 kl 19:00 på Flatøy skule.

Sakliste:

1. Godkjenne medlemmar med stemmerett
2. Val av ordstyrar, skrivar og to til å skrive under protokoll
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Handsaming av årsmelding 2022
5. Handsaming av rekneskap 2022
6. Innkomne saker
 - a. Sak frå styret: Orientering om bygga til bygdelaget
 - b. Sak frå styret: Vurdering av eigarskap på Flatøy Bygdelag sine bygg
 - c. Sak frå styret: Signatur og prokura
7. Fastsetje medlemskontingent 2024
8. Vedta budsjett 2023
9. Val
 - a. Leiar
 - b. Styremedlemmar
 - c. Varamedlemmar
 - d. Revisorar
 - e. Valkomité

Alle medlemmar har møterett, talerett og forslagsrett. Alle fastbuande på Flatøy som betalar kontingent har stemmerett frå det året dei fyller 15 år.

Dersom ein har spørsmål om årsmøtet, kan ein kontakte Anne Charlotte Johannesen på tlf 408 91 698.

Velkomen til årsmøte!

Med venleg helsing

styret

Kontaktinformasjon til Flatøy Bygdelag

E-post: flatoybygdelag@outlook.com

Styreleiar:

Anne Charlotte Johannesen - tlf 40891698

Nestleiar:

Alise Bruvik Sudmann - tlf 99536221

Kasserar:

Svein Magne Krossnes - tlf 93096961

Skrivar:

Karina Flatøy - tlf 46413895

Styremedlemar:

Ole-Christian Dale - tlf 40395404

Steinar Hansen - tlf 90561206

Jeanette Flatøy - tlf 9935384

Varamedlemar:

Vibecke Samuelsen - tlf 99502911

Ingeborg Vangdal - tlf 41513527

Roar Sudmann - tlf 91175841

Utleigeansvarleg: Ole-Christian Dale- tlf 40395404



Kontingent 2023

Du kan no betale kontingent for 2023.

Medlemsskap i Flatøy Bygdelag er gyldig etter innbetaling av kontingent.

Enkeltmedlem kr 150,-

Husstand kr 300,-

Innbetaling til kontonummer 3632.07.03128

Hugs å merke innbetaling med namn i merknadsfeltet.